



**Årsmøte**

**Ørsta idrettslag**

**7.6.2021**

**Kl. 19.00 i Ørstahallen**

# Årsmøte i Ørsta idrettslag

## Måndag 7. juni 2021 kl. 19.00 i klubbrom 1.

### Sakliste

Sak 1: Godkjenning av røysteføre.

Sak 2: Godkjenning av innkallinga, forretningsorden (møtereplane) og saklista.

Sak 3: Val av ordstyrar, møtesekretær og to representantar til å skrive under protokollen.

Sak 4: Handsaming av idrettslaget si årsmelding frå styret og gruppene.

Sak 5: Handsaming av idrettslaget sin rekneskap, og melding frå kontrollutvalet.

Sak 6: Handsaming av innkomne forslag og saker:

- *Trimgruppa vert sett på pause*
- *Vaktmeister til anlegga i Holmane*

Sak 7: Fastsetje medlemskontingent, og treningsavgift.

Sak 8: Vedta idrettslaget sitt budsjett.

Sak 9: Handsame laget sin organisasjonsplan og anleggsplan.

Sak 10: Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettslaget sin rekneskap.

Sak 11: Gjere følgjande val:

- a) styre med leiar, nestleiar, 13 styremedlemmer og 2 varamedlemmer.  
Styret er samansett av fem i arbeidsutvalet pluss gruppeleiarane.
- b) kontrollutval med 2 medlemmer og 1 varamedlem
- c) representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett, eller gje styret fullmakt til å nemne opp representantane
- d) valkomité med leiar, to medlemmer og éin varamedlem
- e) eventuelt andre val i samsvar med organisasjonsplanen til idrettslaget

Sak 12: Utmerkingar: Æresmedlemskap, innsatspokal, leiardiplom og merksemd for avtroppande hovudstyremedlemar.

## Tilrådingar frå Styret

### Sak 2: Innkalling, forretningsorden (møtereplane) og sakliste

Innkallinga: Lagt ut info på heimesida 7.3.21 og annonsert i klubblokala. Dette er utsett årsmøte frå 19. april, grunna Corona-pandemien.

*Styret si tilråding til vedtak: Årsmøtelyden godkjenner innkallinga.*

Forretningsorden (møtereplane):

1. Ingen har til vanleg rett til meir enn 3 innlegg i same sak. Ordstyrar kan gjere framlegg om avgrensa taletid og/ eller strek for dei innmelde talar. Replikkar og merknadar til forretningsorden skal vere korte.
2. Alle framlegg må leverast skriftleg til ordstyrar og vere underteikna av framleggar(ane).
3. Etter at strek er sett, eller at saka er teken opp til røysting, kan tidlegare framlegg ikkje trekkast tilbake- og nye framlegg kan ikkje settast fram.
4. På årsmøtet kan det ikkje handsamast forslag om lovending som ikkje er oppført på utsend/ kunngjort sakliste. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei med røysterett på årsmøtet vedtek det, ved godkjenning i saklista.
5. Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avgjevne røyster, med dei unntak som er fastsett i lova. Ved røystelikskap fell framlegget. Blanke røyster tel ikkje, og røysta vert rekna som ikkje avgjeven. Dette gjeld ikkje personval.
6. Ved personval skal det til vanleg vere skriftleg avrøysting, og alle røyster, også blanke røyster, skal protokollast. For å bli valt, må ein kandidat ha minst halvparten av dei avgjevne røystene, blanke røyster irekna.
7. Framlegg og vedtak vert førde inn i møteboka, med talet på avgjevne røyster for og mot.
8. Forretningsorden skal følgje sakspapira til kvart årsmøte.

*Styret si tilråding til vedtak:*

*Årsmøtelyden godkjenner forretningsorden.*

Sakliste (i samsvar med lov for ØIL):

*Styret si tilråding til vedtak: Årsmøtelyden godkjenner saklista*

### Sak 3: Val av ordstyrar

*Styret si tilråding:*

#### Val av møtesekretær

*Styret si tilråding:*

#### Val av teljekorps

*Styret si tilråding: veljast ved behov*

#### Val av to personar til å underteikne møteprotokollen

*Styret si tilråding: veljast av Årsmøtet*

**Sak 4: Handsaming av idrettslaget si årsmelding frå styret og gruppene.**

*Styret si tilråding til vedtak: Styret si årsmelding vert godkjent. Årsmeldingane for gruppene vert tekne til vitande.*

**Sak 5: Handsaming av idrettslaget sin rekneskap, samt melding frå kontrollutvalet.**

*Styret si tilråding til vedtak: Årsmøtet godkjenner revidert rekneskap for 2020.*

**Sak 6: Handsaming av innkomne forslag og saker:**

- *Trimgruppa vert sett på pause. Dei siste åra har det vore vanskeleg å få inn nye tillitsvalde til gruppestyret. Det har vore forsøkt rekruttering også gjennom artikkel i lokalavisa.  
Det er ikkje mogleg med forsvarleg drift av gruppa no. Styret sitt forslag er at gruppa blir passiv fram til neste årsmøte, eller til nye melder seg til å bidra. Passiv betyr i denne samanheng at det ikkje vert nokre arrangement eller aktivitet i regi av trimgruppa.  
Dette vil også føre til endring i § 16 (tal på styremedlemmer).*
- *Vaktmeister til anlegga i Holmane. Styret meiner det er behov for betre drift av anlegga i Holmane. Dugnad er ikkje nok, i alle fall ikkje i vekstsesongen. Vi vil prøve med ein halv stilling, delfinansiert gjennom NAV. I første omgang ut vekstsesongen, til oktober. Oppgåver blir grasklipping, fjerne ugras, enkelt vedlikehald, måling, rydding.  
Vedkomande blir tilsett i hovudlaget. Årsverknad for stillinga blir rundt 125 000. Arbeidet vert knytt til stadion, rundt stadion og rundt kunstgrasbana.*

**Sak 7: Fastsetje medlemskontingenten.**

Kontingenten vart auka litt i førre årsmøte. Styret foreslår ingen endring i dette årsmøtet.

Medlemskontingent for 2021:

Familie kr 500 (rabattordning, laget har berre personlege medlemar)

Vaksne (over 18 år) kr 250

Born kr 150

Støttemedlem kr 150

*Styret si tilråding til vedtak: Årsmøtet vedtek forslaget.*

**Sak 8: Vedta idrettslaget sitt budsjett for 2021.**

*Styret si tilråding til vedtak: Årsmøtet godkjenner dei framlagde budsjett for Hovudlaget, klubbhuset, stadion og gruppene.*

*Styret får fullmakt til å godkjenne mindre budsjettendringar i løpet av arbeidsåret.*

**Sak 9: Handsame laget sin langtidsplan for anlegg.**

Sist handsama og godkjend av ordinært årsmøte i Ørsta idrettslag juni 2020.

Planen gir oversikt over aktuelle anleggsutbyggingar i laget dei næraste åra. Med bakgrunn i innmeldte planar, behov og ynskjer frå gruppene. Planen er også grunnlag for laget si innmelding av anleggsplanar til kommunen, og der gjennom også plassering/ prioritering i handlingsprogrammet til "kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet".

Planen er todelt:

## **1. Prioriterte anlegg**

Dette er anlegg som er prosjekterte, godkjende og klare for realisering.

- Tribune Aurstad Arena, fotballgruppa. Tiltaket er finansiert, og vert truleg realisert i løpet av 2021.

## **2. Upprioriterte anlegg**

Dette er anlegg som er innmelde med bakgrunn i behov og ynskjer. Tekniske planar, kostnad, finansieringsplan, grunnavtale mv er ikkje utarbeidd og klargjort. Såleis kan årsmøtet ikkje ta stilling til godkjenning og prioritering.

- Skileikanlegg Bondalseidet.
- Rulleski/ rullestolløype Bondalseidet.
- Utelys ved fotballhallen og kombibygget.
- Fotballbane/fotballhall på Mosflata.
- Garasje ved kombibygget.
- Oppgradering av løpebane, stadion.
- Startbud Bondalseidet, alpin.
- Rehabilitering grasbane Ørsta stadion.
- Sørvisbygg/klubbhus med garderobe/dusj mellom kombibygget og elva.
- Nytt kunstgrasdekke Kiwi-hallen.
- Turnhall.
- Kunstsnoanlegg Bondalseidet.

Eit kvart anlegg skal godkjennast og dernest prioriterast av årsmøtet før utbygging kan ta til. Anleggsplanen skal i tråd med lovene handsamast i årsmøtet eller i ekstraordinært årsmøte i laget.

*Styret si tilråding til vedtak: Årsmøtet går inn for den framlagte anleggsplanen.*

## **Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan.**

Ikkje forslag til endring.

*Styret si tilråding til vedtak: idrettslaget sin organisasjonsplan vert vidareført i 2020.*

## **Sak 10: Val av statsautorisert/registrert revisor for 2021**

Grunna omsetnad over 5 millionar årleg, er det krav til bruk av godkjent/registrert revisor. Yngve Leikanger (Sigma revisjon) overtok oppdraget i 2019. Styret sitt forslag er at han vert engasjert som revisor også for 2021.

*Styret si tilråding til vedtak: Årsmøtet godkjenner styret sitt forslag til revisor.*

## **Sak 11: Gjere følgjande val**

- a) På val i AU: Leiar, nestleiar, kasserar, eit styremedlem.
- b) På val: 1 varamedlem.
- c) Andre val i høve til vedteken organisasjonsplan.
  - a. Formalisere hovudstyret i ØIL. Styret i ØIL er samansett av arbeidsutvalet (AU) samt 1 representant frå kvar gruppe (til vanleg leiaren).
  - b. Godkjenning av dei valde gruppestyra.

*Styret si tilråding til vedtak: Årsmøtet gir Hovudstyret fullmakt til å godkjenne dei gruppestyra som ikkje er klare til årsmøtet.*

- d) Kontrollutval. Eit medlem på val i år.
- e) Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda som idrettslaget har representasjonsrett, eller gje styret fullmakt til å oppnemne representantane.

*Styret si tilråding til vedtak: Styret får fullmakt til å velje representantar til ting og møter. Leiaren får fullmakt til å godkjenne utsendingar frå gruppene.*

- f) Valkomité.

### **Sak 12: Utmerkingar.**

Det blir delt ut to utmerkingar i årsmøtet (namna er hemmelege til årsmøtet!).

31.5.2021

Styret